

Saksframlegg

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga og Stig Vattekar, Plan og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 15/8703-1

Budsjett 2016 – plan og næring – førebels prioriteringar innan sektoren

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring og fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutval for plan å næring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for plan og næring gjer slike førebelse prioriteringar:

PROGRAMOMRÅDE 400		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
4005 -Hovudutvalet - til disposisjon	0,175	0,175
Sum	0,175	0,175

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
7010– Bedriftsretta satsingar	26,337	31,000
7011– Kommunikasjonsteknologi	1,000	1,000
7012- Bransjeretta satsingar	11,670	8,550
7015- Nyskaping	23,780	19,750
7018- Kunnskap	5,825	5,825
7019- Andre næringsområde	3,377	2,842
Sum	71,989	68,967

PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
4802 – Folkehelsearbeid	4,750	4,525
Sum	4,750	4,525

PROGRAMOMRÅDE 715 – LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid	1,900	1,450
7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid	4,318	3,820
7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,438	0,438
7157 – Internasjonalt arbeid	0,660	0,660
Sum	7,316	6,368

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
7163 – Klima og miljø	1,900	1,450
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100
Sum	3,000	2,550

2. Hovudutvalet ber om at det i den vidare budsjettprosess vert vurdert å setje av midlar til drift og prosjekt til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓
Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Hovudutvalet skal i denne saka handsame samla prioritering og tilpassing til rammene på eigen sektor. I dette ligg å gje signal om dei prioriteringar som er lagt fram i saksframstillinga, og vurdere framlegg til fordeling innafor programområda. For 2016 legg vi fram ei skisse til detaljbudsjett der ferdigstilte innsparingsutgreiingar er fordelt på tenestenivå.

I tillegg vil vi under omtalane av kvart tenesteområde kort nemne behov for tiltak som må gjerast i 2016 for å tilpasse oss rammene i økonomiplanperioden.

For åra 2017 – 2019 har vi ytterlegare innsparingskrav på sektoren som skal sjåast opp mot ikkje ferdigstilte utgreiingar. Dette utgjer kr 2,000 mill. kr kvart av åra. (I tillegg kjem 0,5 stilling ved næringsavdelinga i 2019 som er definert som innsparing på forvaltning). Dette er teke inn i ein eigen tabell som eit ufordelt innsparingstiltak.

Økonomiplan for 2017-2020 vert først vedteke i juni 2016.

Større søknader og innspel blir omtala og vurdert i denne saka.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Budsjettprosessen

Budsjettet for 2016 blir endeleg fastsett av fylkestinget i møte den 8. og 9. desember 2015. Ein meir detaljert oversikt over prosessen fram til desember vil gå fram av arbeidsdokument 5/15.

2.2 Tema for denne saka

Innhaldet i saka ser slik ut:

1. Samandrag
2. Bakgrunn og saksgang
3. Finansiering av sektoren
4. Kontraktar og avtaler med eksterne partar
5. Søknader og innspel
6. Oppsummering/tilråding

3. Finansiering av sektoren plan og næring

I 2015 utgjer samla budsjett for sektoren plan og næring $82,305 + 4,750$ (folkehelse under forvaltningsbudsjettet) = 87,055 mill. kr eksklusiv administrasjonsdelen av budsjettet. Dette vert finansiert ved hjelp av 73,695 mill. kr i regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), medan resten, $10,630 + 4,750 = 15,380$ mill. kr er eigne fylkeskommunale driftsmidlar.

Retningslinene til KMD set grenser for korleis utviklingsmidlane kan nyttast. Generelt kan ein seie at midlane ikkje skal gå til ordinær driftsfinansiering, men meir vere retta inn mot prosjekt og tiltak av tidsavgrensa karakter. Det distriktspolitiske oppdraget frå KMD er å finansiere tilskot, lån med vidare til næringslivet gjennom Innovasjon Norge. I tillegg har fylkeskommunen fått i oppdrag å tildele midlar til blant anna kommunale grunnlagsinvesteringar, utvikling av kompetansetiltak og tiltak for lokal samfunnsutvikling. Retningslinene frå KMD er såleis i stor grad styrande for sektoren plan og næring sitt arbeid.

Det er to måtar å tenke seg at vi kan få til innsparingar på. Det eine er å ta ned aktiviteten på sektoren der vi nyttar eigne fylkeskommunale midlar. Det andre er å nytte regionale utviklingsmidlar ved andre sektorar som kan frigjere bruken av eigne driftsmidlar ved desse sektorane. Til alternativ to er det gjort ein gjennomgang på kulturavdelinga utan at der er funne ytterlegare oppgåver der KMD-midlar kan erstatte driftsmidlar. Det kan tenkjast at det kan nyttast KMD-midlar til prosjekt på samferdsle- og opplæringssektoren, men det er usikkert om dette vil kunne realisere innsparing av driftsmidlar.

Døme på korleis sektoren nyttar eigne fylkeskommunale driftsmidlar i 2015 er: Grunnstønad Vestlandsforskning 0,8 mill. kr, destinasjonsselskapa 3,0 mill. kr, regionalt plan og utviklingsarbeid 1,4 mill. kr, klimaarbeid 1,0 mill. kr, folkehelsearbeid 4,75 mill.kr. Dei innsparingar som no er vedtekte gjeld destinasjonsselskapa med 1,0 mill. kr, reduksjon innan plan- og utviklingsarbeid 0,450 mill. kr, reduksjon innan klimaarbeid med 0,450 mill. kr og reduksjon av ulike satsingar 0,450 mill. kr. Innan folkehelse er det vedteke ein reduksjon på 0,225 mill. kr i 2016, og ytterlegare 2,875 mill. kr i 2017. For 2017 og vidare i økonomiplanperioden har vi eit ytterlegare innsparingskrav på kr 2 mill. kr som skal sjåast opp mot ikkje ferdigstilte utgreiingar.

For 2016 kjenner vi ikkje storleiken på dei regionale utviklingsmidlane før statsbudsjettet vert lagt fram i oktober. I økonomiplanen er samla budsjett for sektoren førebels $77,9 + 4,5$ (folkehelse) = 82,4 mill. kr. (eksklusiv administrasjon). Dersom dei regionale utviklingsmidlane vert på same nivå som i 2015, vil vi utan andre endringar disponere 8,7 mill. kr samla av eigne driftsmidlar. Både ei lågare samla ramme og endringar i KMD-midlar knytt til dei einskilde åra, vil føre til ulike storleik på dei fylkeskommunale driftsmidlane. Endringar i driftsmidlar mellom ulike år skapar problem med eit systematisk langsiktig arbeid når det gjeld «arenabygging» - det å vera ein målretta utviklingsaktør inneber mellom anna å gå inn i langsiktige samarbeid med viktige eksterne aktørar.

4. Kontraktar/avtalar med eksterne partar

Generell vurdering av bindingane

Det typiske for denne sektoren er at forpliktingane er i form at tilskot og ikkje tenestekjøp eller investeringar. Fylkestingsvedtak om fleirårige løyvingar er følgt opp av tilskotsbrev eller avtale. Det er ikkje teke atterhald om årlege budsjettvedtak.

Vi har fått ein generell uttale frå jurist om slike forpliktingar. Eit tilsegn er eit løfte om at tilskot vil bli utbetalt og er såleis bindande. Bindinga kan verte avgrensa om det er tatt atterhald om årlege budsjettvedtak, dersom tilsegnsmottakar ikkje har følgt vilkåra, eller det er spesielle formuleringar i avtale/tilsegnsbrev som opnar for tolkingar. Tilsegn kan og vere ugyldig dersom hovudutvalet ikkje hadde mynde på området.

Utvinning av rutil frå Engebø-fjellet – fylkeskommunal medverknad

Fylkeskommunen har lagt til rette for utvinning av rutil frå Engebø-fjellet gjennom lovnad om opprusting av vegen til Engebø. Fylkeskommunen vil også bidra med råd og rettleiing i samband med den næringsverksemda som kan verte etablert rundt gruve drifta, m.a. knoppsskytingsverksemd. Det vart i 2011 utforma ei intensjonsavtale om fylkeskommunal deltaking i ei inkubatorsatsing, tilsvarande 15 mill. kr samla over tre år. Fylkeskommunen sin økonomi har i ettertid vorte forringa, og i 2014 vart det slege fast at fylkeskommunen ikkje er juridisk bunden av denne avtala. Finansutvalet gav administrasjonen i oppdrag å senke forventningane til det fylkeskommunale bidraget innan næringsutvikling, og i vedteke budsjettokument for 2015 står det at fylkeskommunen ikkje lenger kan følgje opp intensjonen om dei nemnde 15 mill. kr til inkubatoraktivitet. Administrasjonen har i fleire høve vore i kontakt med kommunane Naustdal og Askvoll, og indirekte Nordic Mining. Det er i denne samanhengen uttrykt vilje til å bidra med råd og rettleiing. Økonomisk støtte kan vere aktuell i samband med gode einskildprosjekt når desse ligg føre, under føresetnad at dei økonomiske rammene tillet ei slik satsing

No ligg det føre følgjande bindingar, der det er tilsegnsbrev og avtalar med ein annan part. Vi viser også bindingar i 2015 slik at endringane og nedgangen i forpliktingar kjem fram:

BINDINGAR				
TILTAK (Alle tal i 1000 kr)	2015	2016	2017	MERKNADER
Fjord Norge	3200	3000	3000	For 2015 gjeld forlenging tidlegare avtale. Ny avtale i gang 2016 og 2017, løpande oppseieleg avtale.
IT-forum	500	500	500	B2015/Øk plan, ikkje bundne med avtale.
Avtale mellom Ungt Entreprenørskap og SFFK	900	900		B2015/Øk plan / HPN sak 72/14
Solund til 1000	375			B2012/Øk plan
Kalvøya	2 670			B2013/Øk.plan.
Næringshageprogrammet	1 025	1 000	1 000	Gamal FT sak 4/13 og HPN sak 28/15. Ny sak i 2016 som gjeld for åra 2016 og 2017.
NCE – tourisme – Fjord Norway	350	350		FT sak 16/13.
Avtalar med destinasjonsselskapa	3 000	3000	2000	FT sak 52/13. Ny avtale under arbeid for 2016 og 2017
Kommuneavtalar folkehelse	3 900	3 100		FT sak FT sak 26/15

Avtalar regionråda	2 200	2 200	2 200	To-årige avtalar, skal fornyast i 2016.
Avtalar frivillige organisasjonar	2 305	2 305	2 305	FT sak 26/15 øk.plan 2016-19
Sum	20 425	13 355	11 005	

VRI-satsinga er ikkje omtala her, den går ut 2016.

5. Søknader/innspel

5.1 Programområde 700 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Ny avtale med Fjord Norge

Det vert arbeidd med ei ny avtale mellom fylkeskommunane på Vestlandet og Fjord Norge. Denne vil m.a. omfatte den godtgjersla som Fjord Norge får for å marknadsføre Vestlandet internasjonalt. Den nye avtala tek no form, og vert behandla som ein del av arbeidet med budsjett og økonomiplanen. Førebels ramme er 3 millionar kr. frå kvart fylke.

Etablerarar og småbedrifter sin tilgong til risikovillig eigenkapital – presårkornfond

Fylkeskommunen er utfordra til å yte midlar til eit presårkornfond for å hjelpe etablerarar i tidleg fase. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane har løyvd midlar til eit slikt fond, og fylkeskommunen legg opp til å nytte tilbakeførte midlar frå det sentrale tapsfondet til Innovasjon Norge på 1,5 mill., slik vi har spelt inn til tertialrapport 2 2015.

5.2 Programområde 715 - Lokal og regional utvikling

Søknad frå Sogndal kommune om støtte til Fjordsti

HPN har i sak 61/14 vedteke å løyve 3 mill. kr frå tenestoområde 7152 Tettstadforming til saman for åra 2015 og 2016. Parallelt med denne budsjettsaka får HPN lagt fram ei eiga sak med tilråding om at det for 2015 vert løyvd 1,7 mill. kr til fjordstien. Det vil da stå att 1,3 mill. kr av løyvinga for eventuell tildeling i 2016.

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Fylkeskommunen er vertsfylke for eit verdsarvområde og med som stiftar av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Fylkeskommunen har i dag ingen økonomisk forpliktning på drift av stiftinga. Fram til og med 2013 budsjetterte fylkeskommunen med 0,900 mill. kr. til Verdsarv, natur- og kulturparkar, der 0,300 mill. kr årleg vart brukt til prosjekt i verdsarvområdet.

HPN har også i sak 24/15 gjeve avslag på søknad om 0,5 mill. kr i grunnstøtte og 0,725 mill. kr til delfinansiering av prosjekt i handlingsplanen. I vurderinga til fylkesdirektør for plan og samfunn heiter det vidare: «Fylkesdirektøren ser at Nærøyfjorden Verdsarvpark får eit vesentleg fråfall av midlar i 2015 ettersom også Verdskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar i regi av KMD vert avvikla i framlegg til statsbudsjettet. Fylkesdirektøren ser ikkje at det innafor dei frie økonomiske ressursane ligg midlar som kan løyse ut grunnfinansieringa, og eit samla tilskot til gjennomføring av handlingsplanen».

Det vart gjennomført eit fellesmøte med stiftarane av Verdsarvparken i juni i år. Her vart ein blant anna samde om at det var naudsynt at stiftarane fekk på plass ei grunnfinansiering av Verdsarvparken si verksemd.

Det er ikkje sett av midlar til finansiering av drift eller prosjekt til dette området i fylkeskommunen sitt budsjett eller økonomiplan.

Dersom det er politisk semje om å følgje opp arbeidet til Verdsarvparken, er det viktig at dette vert teke med i det vidare budsjettarbeidet.

6. Prioriteringar innan sektoren plan og næring 2015 og 2016

6.1 Innleiing budsjett 2015 og 2016

Det blir foreslått desse endringane frå gjeldande økonomiplan for å tilpasse seg innsparingskravet:

Programområde	2016		
	Rammer øk. plan	Endringar	Budsjett 2016
701 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet	70,467	-1,500	68,967
715 Lokal og regional utvikling	6,818	-0,450	6,368
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	3,000	-0,450	2,550
480 Diverse fellesutgifter (folkehelse)	4,525	0,000	4,525
Sum plan og næring	84,810	-2,400	82,410

Samanlikna med gjeldande budsjett:

Framlegg til budsjett 2016 samanlikna med budsjett 2015			
Programområde	Budsjett 2015	Framlegg 2016	Endring
701 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet	71,989	68,967	-3,022
715 Lokal og regional utvikling	7,316	6,368	-0,948
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	3,000	2,550	-0,450
480 Diverse fellesutg. (folkehelse)	4,750	4,525	-0,225
Sum plan og næring	87,055	82,410	-4,645

6.2 Programområde 400 – til disposisjon for hovudutval for plan og næring

Midlane som er disponible for hovudutval for plan og næring ligg teknisk på sektoren forvaltning og programområde 400, altså ikkje innanfor sektordelen til plan og næring. Dei blir flytta til aktuelle programområde ved vedtak. Nivået på midlar disponible for hovudutvalet er kraftig redusert siste åra. Fylkesdirektørane rår til å la nivået på disponible midlar bli ståande, slik at det er noko handlingsrom for gode tiltak som kjem opp gjennom budsjettåret.

PROGRAMOMRÅDE 400		
Tenesteområde	B-2015	B-2016
4005 -Hovudutvalet - til disposisjon	0,175	0,175
Sum	0,175	0,175

6.3 Programområde 701 – tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet – budsjett 2016

6.3.1 Tilpassing til rammene – programområde 701

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet framover - for dei økonomiske disponeringane og korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Endringar i verdiskapingsplanen fører såleis til endringar i budsjett. Handlingsprogrammet til verdiskapingsplanen vart vedteke i desember 2014.

Dei siste åra har sektoren spissa satsingsområda, gjort korrigeringar i budsjettet og lagt eit løp for langsiktige satsingar. Vi har gjort større kutt og omprioriteringar, og innsatsen har derfor nådd eit «minimumsnivå» på nokre av områda som også er satsingsområde i Verdiskapingsplanen.

Kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift vil kunne påverke den samla satsinga for programområde 701 i 2016. Satsingar innan fleire tenesteområde, mellom anna bedriftsretta satsingar, reiseliv og kunnskap er avhengig av midlar frå kompensasjonsordninga. I mars 2016 reknar vi med å få vite nivået på kompensasjonen for 2016, medan dei vanlege utviklingsmidlane frå staten kjem i samband med statsbudsjettet. Det er følgjeleg enno utvisst kva overføringar som kjem frå staten i 2016 og dei totale rammene er derfor usikre. Ved større reduksjonar i midlar frå staten må vurderingane i denne saka gjerast på nytt.

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET			
Tenesteområde	B-2015	Rammer øk.plan (2016)	Framlegg B – 2016
7010 – Bedriftsretta satsingar	26,337	31,485	31,000
7011 - Kommunikasjonsteknologi	1,000	1,000	1,000
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	6,550	5,550	6,550
7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar	4,120	1,450	1,000
7012 – Bransjeretta satsingar – Energi	0,400	0,400	0,400
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri	0,300	0,300	0,300
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk	0,300	0,300	0,300
7015 – Nyskaping	23,780	20,780	19,750
7018 - Kunnskap	5,825	5,825	5,825
7019 – Andre næringsområde	3,377	3,377	2,842
SUM	71,989	70,467	68,967

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET		
Tenesteområde	Endringar – budsjettframlegg i denne saka samanlikna med budsjett 2015	Endringar – budsjettframlegg 2016 i denne saka samanlikna med rammer i økonomiplan
7010 – Bedriftsretta satsingar	4,663	-0,485
7011 - Kommunikasjonsteknologi	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	0	1,000

7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar	-3,120	-0,450
7012 – Bransjeretta satsingar – Energi	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri	0	0
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk	0	0
7015 – Nyskaping	-4,030	-1,030
7018 – Kunnskap	0	0
7019 – Andre næringsområde	-0,535	-0,535
SUM	-3,022	-1,500

I FT sak 26/15 er ufordelt innsparingskrav sett opp på denne måten:

- Tenesteområde 7012 - Reisemålsselskapa 1 mill. kr.
- Tenesteområde 7019 - Oppfølging av satsingar 0,5 mill. kr.

For å klare innsparingskravet på 1,5 mill. kr., jf. FT sak 26/15, har vi gjort nokre endringar i framlegg til budsjett 2016 samanlikna med rammene for 2016 i økonomiplanen. Endringane går fram av høgre kolonne i tabellen ovanfor. Innsparingskravet vil vere nådd, men med ei litt anna fordeling enn det som var føresett. Dette kan mellom anna gjerast ved å nytte KMD-midlar til reiselivsselskapa i ein overgangsfase mot oppfølging av innsparingskravet til reisemålsselskapa som då blir effektivt frå 2017.

Innsparingskravet er fordelt slik:

- Går ned med 0,535 mill.kr på tenesteområde 7019 Andre næringsområde.
- Aukar tenesteområde 7012 Bransjeretta satsingar - reiseliv med 1. mill. kr. i forhold til øk.plan for året 2016.
- Går ned med 0,485 mill. kr. på tenesteområde 7012 Bedriftsretta satsingar i høve til økonomiplanrammene for 2016.
- Nyskaping - kommunale næringsfond går ned 1,03 mill. kr., i høve til øk.plan for året 2016.
- Tenesteområde 7012 Bransjeretta satsingar - sjømatnæringar går ned 0,450 mill. kr.

Det er mindre «frie midlar» innan næringsutvikling enn det kan sjå ut til ved eit blick på totalrammene. På programområde 701 er det 68,967 mill. kr. i 2016. Av desse er til saman 16,3 mill. kr. tilrådd sett av til kommunane gjennom kommunale næringsfond og omstilling, og det er foreslått å sette av 31 mill. kr. til Innovasjon Norge. Det står att 21,667 mill. kr. til næringsretta satsing som er forvalta av fylkeskommunen. Av dette er over 8 mill. kr. sett av eller foreslått sett av til avtalar og prosjekt som t.d. Fjord Norge, Ungt Entreprenørskap og liknande (sjå tabell om bindingar). Midlane som står att skal dekke tilretteleggande tiltak innan alle satsingsområde, og oppfølging av verdiskapingsplanen.

6.4 Programområde 480 – Folkehelse– budsjett 2016

PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4802 – Folkehelsearbeid	4,750	4,525	1,650	1,650	1,650
Sum	4,750	4,525	1,650	1,650	1,650

Tenestområdet omfattar drift av partnerskapen, satsingsområde i høve vedteken folkehelseplan og helseovervaking.

Tilpassing til rammene skjer ved at ein tek ned folkehelseprogrammet med 0,225 mill. kr i 2016. Frå 2017 vert denne reversert, men då vert støtta til folkehelsekoordinatorar teken ut med 3,1 mill. kr. Det er gått ut brev til kommunane om denne endringa.

6.5 PROGRAMOMRÅDE 715 – LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING

Tenesteområde	B-2015	B-2016
7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid	1,900	1,450
7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid	4,318	3,820
7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,438	0,438
7157 – Internasjonalt arbeid	0,660	0,660
Sum	7,316	6,368

Fylkesdirektøren gjer framlegg om å sette av 1,450 mill. kr til regionalt plan og utviklingsarbeid for 2016. Budsjettet er da redusert med 0,450 mill. kr i samsvar med vedtekne innsparingstiltak. (FT-sak 26/15)

Fylkesdirektøren vil rå til at det ved seinare vedtak om utarbeiding av regionale planar, vert knytt ressursar direkte til dei einskilde planarbeida.

Vidare vert det sett av 3,820 mill. kr til lokalt plan og utviklingsarbeid i 2016. Det er då rådd til ei reduisering av ramma til tettstadforming på kr. 0,123 mill. kr. i 2016 til 1,590 mill. kr. og ei reversering på 1,096 mill. kr. i 2017 til 2,686 mill. kr.

6.6 PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK

Tenesteområde	B-2015	B-2016
7163 – Klima og miljø	1,900	1,450
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100
Sum	3,000	2,550

Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 1,450 mill. kr. til tenesteområdet klima og miljø i 2016. Budsjettet er da redusert med 0,450 mill. kr i samsvar med vedtekne innsparingstiltak. (FT-sak 26/15)

7. Oppsummering

Hovudutval for plan og næring gjer slike førebelse prioriteringar:

PROGRAMOMRÅDE 400					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4005 -Hovudutvalet - til disposisjon	0,175	0,175	0,175	0,175	0,175
Sum	0,175	0,175	0,175	0,175	0,175

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7010– Bedriftsretta satsingar	26,337	31,000	31,000	31,000	31,000
7011– Kommunikasjonsteknologi	1,000	1,000	1,000	1,000	1,000
7012- Bransjeretta satsingar	11,670	8,550	8,550	8,550	8,550
7015- Nyskaping	23,780	19,750	19,750	19,750	19,750
7018- Kunnskap	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019- Andre næringsområde	3,377	2,842	2,842	2,842	2,842
Sum	71,989	68,967	68,967	68,967	68,967

PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4802 – Folkehelsearbeid	4,750	4,525	1,650	1,650	1,650
Sum	4,750	4,525	1,650	1,650	1,650

PROGRAMOMRÅDE 715 – LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid	1,900	1,450	1,550	1,550	1,550
7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid	4,318	3,820	4,916	4,916	4,916
7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,438	0,438	0,338	0,338	0,338
7157 – Internasjonalt arbeid	0,660	0,660	0,660	0,660	0,660
Sum	7,316	6,368	7,464	7,464	7,464

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7163 – Klima og miljø	1,900	1,450	1,550	1,550	1,550
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
Sum	3,000	2,550	2,650	2,650	2,650

PLAN OG NÆRING – UFORDELT INNSPARINGSKRAV					
	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Innsparingstiltak mot ikkje ferdige utgreiingar			-2,000	-2,000	-2,000
Innsparingstiltak knytt til 0,5 stilling ved næringsavd (forvaltning)					-0,400
Sum			-2,000	-2,000	-2,400

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)